



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
18/219130-2

Dykkar referanse: 18/2302 – 18/21245
Vår dato: 19.10.2018

Merknad til søknad om dispensasjon frå kommuneplan – Riving av eksisterande bygning og oppføring av ny bustad – Gnr. 51 bnr. 18 – Landsvik i Meland kommune

Vi viser til brev motteke 05.10.2018, om riving og oppføring av ny bustad på eigedom gnr. 51 bnr. 18 ved Landsvik i Meland kommune.

Planstatus

Eigedomen ligg i område avsett til LNF-spreidd fritidsbustad i kommuneplanens arealdel, med tillate oppføring av fritidsbustader, jf. § 3.2.2. Oppføring av bustad krev difor dispensasjon frå planføremålet.

Ifølgje søkjar er bygningen på eigedomen ein eksisterande bustad. Statens vegvesen kjennar ikkje historikken til eigedomen. Den kan ha vore nytta til bustadføremål i tidlegare tider, men er no registrert som fritidsbustad i matrikkelen. Etter vår vurdering må ein difor leggje til grunn at søkjar ønsker å endre bruken av eigedomen frå fritidsføremål til bustadføremål.

Det inneber òg at dersom søkjar får løyve dispensasjon frå planføremål, må kommunen vurdere saka etter veglova, ettersom eigedomen har tilkomst frå kommunal veg via privat veg.

Vår vurdering

Statens vegvesen vil rå ifrå ei dispensasjon som inneber ei bruksendring for eigedomen. Eigedomen ligg i eit område som kommunen har avsett til LNF-spreidd fritidsføremål i kommuneplanen. Etter vår vurdering er det difor uheldig å legge til rette for ein utvikling med fleire bustader i dette området. Kommuneplanen er utarbeidd for å styre utviklinga i kommunen i ønskt retning, og dispensasjonar i strid med dette vil vere uheldig.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Busette i dette området vil i stor grad basere sin daglege transport på bil, og born vil trenge skyss til skule og fritidsaktiviteter. Dette er ikkje ei ønska utvikling.

Kommunen bør òg vurdere presedensverknad for saken. Om denne eigedomen får dispensasjon frå arealføremålet, vil det kunne leggje føringar for seinare saker i området. Etter vår vurdering er det ikkje lagt frem særlege grunnar for at denne eigedomen bør få dispensasjon. Vi vil difor rå ifrå at kommunen gir dispensasjon i denne saka.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.